

1.mai får renesanse som stafettdag.

17.02.2017



Uskedalen har ofte vore godt representert på Trio-stafetten, her eit jentelag i 2015.

**For nokre tiår sidan var det alltid folksamt i Uskedal sentrum 1.mai når Strandstafetten vart arrangert. Deltakarane kom frå Haugalandet og heile Hordaland. Mykje publikum var det også. No vert det på stafett-moro i Kvinnherad denne dagen. Ikkje i Uskedalen, men på Husnes når IL Trio har terminfesta den tradisjonsrike Trio-stafetten til denne dato.**

Trio-stafetten har vore arrangert over 50 gonger sidan den vart arrangert første gang på 1960-talet. Svært lenge vart den avvikla på Valen, og eg hugsar Kristi Himmelfartsdag som ein fast årleg arrangementsdag. Siste åra har den vorte arrangert i idretts- og aktivitetsparken på Husnes, og ein har prøvd litt ulike datoar. I år har dei landa på 1.mai, og det er forhåpentlegvis ein god dato. Den har i alle fall tradisjonar.

Då Strandstafetten vart arrangert i Uskedal sentrum frå 1960-talet og eit par tiår framover var det lenge folkefest i sentrum, og mange gode løparar kom til bygda. Det var mykje publikum, og til og med enkelte bønder, som hadde det ekstra travelt på denne arbeidarane sin dag, let møkagreipa kvila nokre timar for å få med seg duellane.

Vi hugsar Birger Myklebust som dyktig speaker som også sytte for fengslende musikk over høgtalaranlegget frå bandspelaren sin. Torfinn Myklebust hadde idèen og var ei av drivkreftene bak stafetten.

Interessa for Strandstafetten dabba, og etter nokre magre år vart det stopp. Dessverre har vi lite bilete frå dette tradisjonsrike arrangementet i arkivet. Eg kjenner berre til [eitt av underteikna frå 1979](#). Det er også noko uklart så han må ha hatt overraskande stor fart då han svinga frå hovudvegen og ned mot veksingsfeltet i Sandavegen.

Dersom nokre har bilete frå Strandstafetten, vert vi svært glade om dei kontaktar oss. Dersom dei er digitale, kan dei sendast til [uskedalen.no@gmail.com](mailto:uskedalen.no@gmail.com) eller dei kan leverast til Kristian Bringedal så vil han skanna dei før dei vert levert tilbake.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland.